



Knut Willie Jacobsen
Garvik
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3371 - 19/1836

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
22.01.2019

Løyve til riving av våningshus - gbnr 171/6 Seim

Administrativt vedtak. Saknr: 054/19

Tiltakshavar: Endre Konglevoll
Ansvarleg søkjar: Knut Willie Jacobsen
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om riving av våningshus ,med adresse Hønsedalen 61, på gbnr 171/6 Seim. Det er opplyst i søknaden at bustaden har ei grunnflate på 7 x 14 meter og at buarealet er oppgitt til 78 m² i hovudetasjen og 30 m² for andre etasje. Bygget vart oppført rundt år 1900. Tiltakshavar har gjort greie for at bustaden er i dårleg stand og ikkje har vore i bruk på lang tid. Det vart bygd nytt våningshus på garden i 1983.

Tiltaket gjeld berre riving. Det er ikkje planlagt oppføring av ny bustad. Arealet der bygget står skal nyttast til trafikkareal og parkering.

Det vert elles vist til søknad mottatt 05.11.2018 med tilleggskommunikasjon mottatt 26.11.2018.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 26.11.2018 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål med særskild omsynssone landbruk. Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt



Bygget er registrert i SEFRAK-registeret, som er eit landsdekkande register over eldre bygningar og andre kulturminne, som «anna SEFRAK-bygning».

Søknaden har vore send på høyring til Museumssenteret i Salhus ved kulturverntenesta i Nordhordland, i forhold til vurdering av kulturminneverdi ,og Bjørgvin bispedømeråd då bygget er plassert om lag 285 meter frå Seim kyrkje, jf. rundskriv T-2000-3 pkt. 4.3.

Kommunen har ikkje mottatt uttalar i saka.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 23.10.2018.

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen har privat vassforsyning og privat avløpsløysing. Eigedomen er registrert med slamavgift.

Tilkomst, avkøyrsløysing og parkering

Ikkje relevant for søknaden.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

VURDERING

Tilstand/kulturverdi

Bygningane i SEFRAK-registeret er ikkje tillagt spesielle restriksjonar. Registreringa fungerer meir som eit varsko om at kommunen bør ta ei vurdering av verneverdien før det eventuelt vert gitt løyve til å endra, flytta eller riva bygget.

Kommunen legg mottatt dokumentasjon i saka til grunn og kan ikkje sjå at tiltaket vil gje negative konsekvensar i forhold til lokale, nasjonale eller regionale kulturminneinteresser.

Avløp

I slamregisteret er bustadane på eigedomen registrert med kvar sin slamavskiljar. Slamavskiljaren skal til ei kvar tid vera sikra slik at personar eller dyr ikkje fell ned i kummen, jf. plan- og bygningslova § 28-6. Slamavskiljarar som ikkje er i bruk bør fjernast eller fyllast igjen.

Avfallsplan

Tiltaket har krav til avfallsplan etter TEK § 9-6.

Det er krav til skildring av miljøsanering for tiltaket etter TEK § 9-7.

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Konklusjon

Søknaden om riving vert godkjend slik han ligg føre.

Når rivinga er avslutta med ferdigattest vil kommunale gebyr verta sletta.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3, vert det gjeve løyve til riving av bustad med adresse Hønsedalen 61 og bygningsnummer 176 260 580, på følgjande vilkår:

- 1. Løyvet omfattar riving/nedbrenning og rydding av arealet.**
- 2. Rivingsplassen skal vera forsvarleg sikra, jf. pbl § 28-2.**
- 3. Alt rivingsavfall skal leverast som næringsavfall til avfallsmottak godkjend av forureiningsstyresmakta.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/3371

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Endre Konglevoll	Hønsedalen 63	5912	SEIM
Endre Konglevoll	Hønsedalen 63	5912	SEIM
Knut Willie Jacobsen	Garvik	5912	SEIM

Mottakarar:

Knut Willie Jacobsen	Garvik	5912	SEIM
----------------------	--------	------	------